



4

**Velkommen
som føresettt i 4H**



Foto: Frode Mernes

Velkommen som føresett i 4H

Som føresett i 4H har du sikkert mange spørsmål – her gir vi deg nyttig informasjon. Har du framleis spørsmål etter å ha lese brosjyren, finn du meir informasjon på www.4h.no. Du kan òg kontakte ditt 4H-fylke.

Formålsparagraf

4H skal utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.

Grunnlaget for arbeidet til organisasjonen finst i naturbruksnæringane og lokalmiljøet.



Kva er 4H?

4H er ein landsomfattande, ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. Vi er medlemsstyrte og arbeider i tråd med formålsparagrafen vår, 4H-løftet og mottoet vårt. Medlemmene er tilknytte lokale 4H-klubbar over heile landet.

Medlemmene bestemmer!

I 4H er det medlemmene som bestemmer! Dei bestemmer sjølv kva dei vil utforske, gjere av aktivitetar og tileigne seg kunnskap om. Gjennom å lære ved å gjere, utviklar dei seg til å bli aktive unge menneske



Foto: Rune Øyven

4H-løftet

Målsetjinga vår utrykkjast gjennom 4H-løftet:

Vi lover å arbeide mot det målet å bli ein ungdom med klart hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse.

med praktisk erfaring og sosialt engasjement.

Alle klubbar har eit klubbstyre sammansett av unge 4H-arar som får opplæring i styrevervet sitt. Klubbane får støtte og hjelp av valde vaksne som vi kallar klubbrådgivarar (ofte føresette). For mange barn og unge er 4H det første møtet deira med eit medlemsdemokrati. I 4H får barn og unge god demokrati- og organisasjonsopplæring.

Plass til alle

Som medlem i 4H får ditt barn eller din ungdom moglegheita til å utvikle seg sjølv. Det er ikkje nokon spesielle krav for å bli medlem. I 4H fokuserer vi på utvikling og gode verdier – ikkje på prestasjonar. Vi vil at barn og unge skal få utvikle og utfalde seg på sine eigne premisser.

I kjerneverdiane våre, **klart hovud, varmt hjarte, flinke hender og god helse**, ligg ein grunnleggjande tanke om likeverd og respekt. Medlemmene er del av eit sosialt fellesskap beståande av barn og unge som er trygge, stolte og har ein tydeleg omtanke for kvarandre.

Uansett føresetnader, er det plass til alle! Det å gi rom for alle og å ha gjensidig respekt er viktig for eigenverdet til barn og unge. Likeverd og inkludering ligg i DNA-et vårt.

Å lære ved å gjere

I 4H lærer barn og unge ved å gjere. Dei har det sosialt, aktivt og morosamt! I løpet av eit år skal medlemmene arbeide med eit sjølvvalgt 4H-prosjekt. Målet er å lære ved å gjere. Ein medlem som har fått godkjent 4H-prosjektet sitt og har eit oppmøte på meir enn 50 prosent av klubbmøta, får kvart år tildelt eit 4H-merke. Etter sju år er 4H-programmet fullført og 4H-aren får 4H-plaketten (aspirantprosjekta tel ikkje).

Dei yngste – kløvermedlemmene – jobbar ikkje med 4H-prosjekt.

Merkesystemet er delt inn i:

- Aspirant og miniaspirant (10–11 år og yngre)
- Juniorar (12–14 år)
- Seniorar (15–18 år)

Kva gjer medlemmene?

I 4H får medlemmene nye venner. Venner dei enno ikkje kjenner! Medlemmene slepp å velje éin bestemd aktivitet, dei kan fordjupe seg i det dei har lyst til. Mogleheitene er mange!

Det er eit fellesskap der dei har aktivitetar i klubben, gjer 4H-prosjekt, dreg på turar, kurs og leirar. Dei spelar volleyball, er med på tevlingar og sist, men ikkje minst, får dei god organisasjonserfaring og lærer om medlemsdemokrati.

Medlemmene får auka kunnskap og nye erfaringar gjennom praktisk utføring og fysisk aktivitet, innanfor våre programområde: natur, kultur, samfunn og helse. Alt dette er for å oppnå formålet vårt om å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med respekt for natur og menneske.

Det krevst ingen forkunnskapar for å bli medlem.

Ut i verda med 4H

4H er ein verdsomfattande organisasjon. 4H starta i USA for over 100 år sidan. 4H og 4H-relaterte organisasjonar finst i meir enn 70 land.

Gjennom internasjonal utveksling og samarbeid på tvers av landegrensene gjer vi eit viktig arbeid med erfaringsutveksling, kulturell forståing og likeverd.

Det finst mange internasjonale moglegheitene for dei eldste i 4H:

- Utveksling til land i heile verda, m.a. USA, Taiwan, Australia og Sveits.
- Vere vertsfamilie for ungdommar på utveksling.
- Studietur til 4H Gambia.
- Delta på arrangement i våre internasjonale paraplyorganisasjonar.

**4H-motto:
Å lære ved å
gjere!**



Foto: Rotheim 4H



Aktivitetane i 4H



Foto: Bøler 4H



Foto: André Larsen



Foto: Håkon Rømvik



Foto: Beate Patay

Klubbaktivitet:

4H-klubbane har klubbmøte med ulike aktivitetar. Det er medlemmene i klubben som bestemmer kva aktivitetar klubben skal gjennomføre, og kor ofte dei skal møtast.

4H-prosjekt:

Medlemmer i medlemsalder (10–18 år) gjennomfører årleg eit 4H-prosjekt. Prosjekta blir valde etter eige ønske, og blir vist fram / stilt ut på klubben sin haustfest, som markerer slutten på 4H-året.

Leirar:

Kvart år kan 4H-arar delta på leirar. Det finst eit leirtilbod til alle medlemmer i ordinær medlemsalder:

- Aspirantleirar (10–11 år)
- Fylkesleirar (frå 12 år)
- Landsleir / nordisk leir (frå 14 år)(blir arrangert høvesvis annakvart år)

(Leirtilbodet kan variere frå fylke til fylke).

Volleyball:

Volleyball er 4H-idretten. Ein del fylke arrangerer årleg nattvolleyballturnering, det er òg turneringar på leirar.



Foto: Beate Patay



Foto: Fredrik Klavenes

Styrevervopplæring:

Medlemmer som er valde inn i klubbstyret, får opplæring i styrevervet sitt. Det skjer via styrevervkurs, som er ei sosial, lærerik og aktiv kurshelg.

Kurs og aktivitetar:

I 4H kan medlemmene delta på ulike kurs og arrangement. Tema og innhald varierer, men her samlast både lokale barn og unge og medlemmer frå heile landet på nasjonale kurs.

Kjerneverdier

Med utgangspunkt i 4H-løftet, er dette våre kjerneverdier:

Klart hovud

Varmt hjarte

Flinke hender

God helse

Kven er medlemmene?

I 4H lærer barn og unge ved å gjere. Dei har det sosialt, aktivt og morosamt!

Ordinær medlemsalder er 10–26 år. Våre yngste medlemmer, barn i alderen 4–9 år, kallast kløvermedlemmer.

Medlemskategorier:

Hovudmedlem

Barn/ungdom i alderen 10–26 år.
Deltak i klubbaktivitet og gjennomfører 4H-prosjekt.

Alumn

4H-medlem over 18 år, som ønskjer å gjere ein innsats for 4H. Har som regel gjennomført 4H-programmet og motteke plaketten, men det er ingen føresetnad.

Arrangementsmedlem

Medlemskap for barn/ungdom i alderen 10–18 år. Deltak berre i éin aktivitet / eitt arrangement per år. Deltak ikkje i klubbaktivitet.

Kløvermedlem

Barn i alderen 4–9 år. Får tilsendt aktivitetshefte og nasjonalt medlemsblad, og dessutan invitasjon til minst eitt 4H-arrangement per år.

Støttemedlem

Alle kan bli støttemedlem, som støttar opp det viktige arbeidet vårt for barn og unge.



Vaksne i 4H

4H-klubbane blir styrt av dei unge, men det er samarbeidet med føresette og klubbådgivarar som gjer dette mogleg. Som føresett i 4H er du ein viktig støttespelar for medlemmene, andre føresette og klubbådgivarar. Føresette vil bli spurde om å bidra på ulike aktivitetar og arrangement. Viss mange deler på oppgåvene, blir det

ikkje så mykje på kvar. Ein 4H-klubb med god støtte frå vaksne, er ein levedyktig klubb.

Er du engasjert og har lyst til å bidra? Meld frå til den lokale klubben din! All innsats – liten eller stor – er velkommen. Engasjerte føresette opplever det som givande å få vere ein del av det gode 4H-felleskapet.

Kjekt å vite

Medlemskontingent

Betalt [medlemskontingent](#) er medlemmen si forsikring. Viss kontingenten ikkje er betalt, er ikkje medlemmen forsikra. Hugs å betale kontingenten i tide.

Deltakarstøtte

Økonomi skal ikkje vere eit hinder for å delta på 4H-aktivitetar. Alle som vil, kan vere med – søk derfor [deltakarstøtte](#) for aktivitetar og prosjekt.

Medlemsblad

[Medlemsbladet](#) AKTIVITET inneheld reportasjar, intervju, faste spalter m.m. Medlemsbladet blir sendt til alle 4H-familiar.

Landslotteriet

4H-klubbane får tilsendt lodd som medlemmene sel. [Landslotteriet](#) er ei viktig inntektskjelde for klubbane – og resten av organisasjonen. Delar av overskotet går òg til 4H Noreg sitt solidaritetsarbeid i Gambia.

Tilretteleggingsfondet

Gjennom tilretteleggingsfondet kan medlemmer søkje om å få dekt ekstrautgifter som kjem av funksjonsnedsetjing og/eller andre utfordringar for å delta på kurs og leir.

Beredskap og tryggleik

4H skal vere ein trygg arena for barn. Godt [beredskapsarbeid](#) skal redusere sannsynet for uønskte hendingar og kriser, og dessutan skape tryggleik. Beredskapsplanane våre skisserer ansvar, organisering og rutinar ved uønskte hendingar og kriser. Dei gjeld heile tida, for alle arrangement/aktivitetar og for alle nivå og ledd i organisasjonen.

4H-året

Slik er eit typisk 4H-år. Det kan vere store variasjonar mellom fylka/klubbane.

Januar

- Styrevervkurs
- Klubbmøte

Februar

- Klubbmøte

Mars

- Fylkesårsmøte
- Fylkesstyreopplæring
- Klubbmøte

April

- Storkurs
- Klubbmøte

Mai

- 4H-dagen (4. mai)
- Under open himmel
- Klubbmøte

Juni

- Lokale leirar
- Aspirantleir
- Fylkesleir

Juli

- Landleir / nordisk leir

August

- Klubbmøte

September

- Friluftslivsveka
- Gøy på landet | 4H-gardane
- Klubbmøte

Oktober

- Haustfestar
- Klubbmøte

November

- Årsmøte i klubbane
- Klubbmøte

Desember

- Julegraut/juleavslutning i klubbane

Innmelding på:
4h.no/blimed



Foto: Voll 4H-gard

Sosialt • Aktivt • Morosamt

4h.no